



Lærdal
kommune

Tidleg identifisering og oppfølging av utsette barn og unge i Lærdal kommune

Prosjektplan



Grøne
Lærdal

Innholdsliste

1.0 Bakgrunn	4
1.1 Dokumentasjon og avgjersler	5
1.2 Styrande dokument for prosjektet:	5
1.3 Effektmål	6
1.4 Resultatmål	6
1.5 Rammer og avgrensing	7
2.0 Prosjektorganisasjon	8
2.1 Mandat for styringsgruppa	8
2.1.1 Viktige avgjersler for styringsgruppa	8
2.2 Mandat for arbeidsgruppa/pådrivargruppa	8
2.3 Mandat for ressursgruppa	9
2.4 Ansvarsfordeling i prosjektorganisasjonen	9
3.0 Brukarmedverknad, kartlegging av kompetanse og eksisterande tilbud i kommunen	10
3.1 Strategi for brukarmedverknad og kompetansekartlegging.....	10
3.2 Workshops i barne- og ungdomskulen	10
3.3 Brukarmedverknad ved hjelp av spørreskjema.....	10
3.3.1 Bruk av spørreskjema til ungdom frå 15 år og oppover	10
3.3.2 Bruk av spørreskjema til foreldre/føresette i kommunen	11
3.3.3 Personvern.....	11
3.3.4 Behandlingsgrunnlag/risikoavveging.....	11
3.3.5 Informert samtykke	11
3.3.6 Lagring av data.....	11
3.3.7 Brukarmedverknad på individnivå.....	11
3.4 Kompetansekartlegging i organisasjonen	11
3.5 Involvere tillitsvalde og verneombod	12
4.0 Planlagde avgjerdspunkt og prosjektoppfølgging	12
4.1 Prosjektplan til politisk handsaming	12
4.2Regelmessige møter mellom prosjektansvarleg og prosjektleiar.....	12
4.3 Regelmessige møter i styringsgruppa	12
4.4 Regelmessige møter i arbeidsgruppa.....	12
4.5 Regelmessige møter i ressursgruppa	12
4.6 Rettleiingsmøter med kompetansesentera	12
4.7 BTI nettverk.....	12
4.8 Statusrapportering.....	12

4.9 Plan for milepålar	13
5.0 Målgrupper, interessentar, kommunikasjonsstrategi	13
5.1 Interessentar/ målgrupper	13
5.2 Kommunikasjonsstrategi	14
6.0 Risikovurdering	14
6.1 Kritiske suksessfaktorar	14
6.2 Kritiske risikofaktorar	15
7.0 Gjennomføring	16
7.1 Forankre prosjektet administrativt og politisk	16
7.1.1 Forankre prosjektet hjå dei tilsette	16
7.2 Kartleggje eksisterande tilbod og kompetanse i kommunen	16
7.3 Samhandlingsmodell kommunenivå	16
7.4 Samhandlingsmodell einingsnivå	17
7.5 Samhandlingsmodell individnivå	17
7.5.1. Tverrfagleg BTI team/drøftingsteam	17
7.6 Digitalisere samhandlingsmodellen	17
7.7 Brukarmedverknad	17
7.8 Stafettlogg	18
7.9 Implementering av BTI modellen i Lærdal kommune	18
7.9.1 Koordinator for BTI og det førebyggjande arbeidet i kommunen	18
7.9.2 Nøkkelpersonar i implementeringsarbeidet	18
7.9.3 Opplæring av alle tilsette	18
7.9.4 Pilotere	19
7.9.5 Styrkje og vedlikehalde kvar enkelt tilsett sin handlingskompetanse	19
7.9.6 Ruste opp kommunen si verktøykasse med systematiske førebyggjande tiltak	19
7.9.7 Årlege fagdagar	19
7.9.8 Opplæring av nyttilsette	20
7.9.9 Evaluere og justere	20
8.0 Framdriftsplan	20
9.0 Økonomi	20
10.0 Kontraktar og avtalar	21
11.0 Litteraturliste	22
Vedlegg	24

1.0 Bakgrunn

I samband med barnevernreforma, endringar lovverket i høve «samarbeid til barns beste» og lokale utfordringar i kommunen starta Lærdal kommune i 2021 prosjektet «Tett på born og unge i Lærdal», heretter kalla «Tett på». «Tett på» har til hensikt å medverke til at kommunen rustar opp verktøykassa si og jobbar systematisk, tverrfagleg og førebyggjande på individ, gruppe og systemnivå for å sikre tidleg innsats til gravide, born, unge og deira foreldre/føresette. Det førebyggjande arbeidet skal starte allereie i mors liv (Bufdir 2021a, Helsedirektoratet 2023).

Ungdata undersøkinga frå 2021, folkehelseinstituttets oppvekst- og folkehelseprofil gav viktige bakgrunnsdata for «Tett på» (Velferdsforskningsinstituttet NOVA 2021, Folkehelseinstituttet 2021 og 2023). Undersøkingane synte at ungdom i Lærdal er mindre nøgde med skule og lokalmiljø enn i resten av Noreg. Fleire rapporterte om at dei kjedar seg på skulen og har mindre tru på at dei kjem til å gjennomføre vidaregåande opplæring. Det er færre ungdommar som er med på organiserte fritidsaktivitetar og fleire oppgjer å ha utført regelbrot som nasking og skadeverk enn ved ungdata undersøkinga frå 2017. Lærdal kommune ligg høgre i tal tilvisingar til spesialisthelsetenesta og i tiltak i barnevernstenesta samanlikna med landsgjennomsnittet.

Det er samstundes viktig å ta med seg at ungdomskulla i Lærdal er små og at nokre få svar kan gje store utslag på ei undersøking som ungdata undersøkinga, resultata kan også vere tilfeldige og variere med årskull. Resultata frå ungdata undersøkinga vart følgt opp med å lyfte problematikken til ungdomsrådet og gjennomføre workshops i skulen. Der vart mange av funna frå ungdata undersøkinga bekrefta, i tillegg kom det fram at born og unge saknar eit større nærvær av vaksne på sine arenaer og at dei opplever press i kvardagen.

I høve «Tett på» gjennomførte også kommunen ei kartlegging av allereie eksisterande tenester, tilbud og arena for samarbeid. Det vart tydeleg at Lærdal manglar eit verktøy for førebygging, tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid på alle nivå. Som eit tiltak vart det søkt midlar frå tilskotsordninga «Tidleg identifisering og oppfølging av utsette barn» (Bufdir, 2023). Lærdal kommune fekk innvilga 1 000 000,- kr. i tilskot til dette arbeidet og skal utarbeide ein samhandlingsmodell for kommunen og samstundes implementere handlingsrettleiaren Betre tverrfagleg innsats- BTI.

Samhandlingsmodellen og BTI skal forankrast på alle nivå i kommunen. Soleis skal det vere klart kva som forventast av kommunen, eininga og den einskilde tilsette når det gjeld tidleg innsats og oppfølging av utsette born. Samhandlingsmodellen skal vere verktøyet der ein finn oversikt over korleis kommunen jobbar med oppvekst som heilheit- på individ, einings- og kommunenivå. BTI handlingsrettleiar er verktøyet for den einskilde tilsette som skal syne gangen frå bekymring til handling og kvalitetssikre heilskapleg og koordinert innsats, utan brot i oppfølginga.

Samhandlingsmodell og BTI vil bidra til å:

- Sikre at kommunen oppfyller dei krav som ligg føre i nasjonalfagleg retningslinje for tidleg oppdaging av utsette barn og unge (Helsedirektoratet, 2019).
- I større grad sikre samordna oppfølging av målgruppa gravide, born, unge og deira familiar
- Fokusere på tidleg innsats og handling på lågast mogleg nivå
- Styrke dei tilsette i sin handteringa av ei eventuell bekymring og sikre kunnskapsbasert handling og praksis frå bekymring til handling
- Sikre brukarmedverknad og at barnet og deira familie si stemme vert høyrd i saker som omhandlar dei

- Sikre brukarmedverknad og at barn, unge og familiar si stemme vært høyrd i utforming av tenester som gjeld dei
- Tydeleggjere korleis Lærdal kommune jobbar med oppvekst som heilheit.

1.1 Dokumentasjon og avgjersler

Prosjektet vart etablert januar 2023 som eit delprosjekt under prosjektet «Tett på». Prosjektplanen skal meldast opp til politisk handsaming innan september 2023.

Prosjektet byggjer på prosjektmandatet og prosjektplanen til «Tett på», i tillegg til tilskotsbrev frå Bufdir og «Regelverk for tilskot til systematisk identifikasjon og oppfølging av utsette barn» (Bufdir 2020). Prosjektmandatet er utarbeidd av prosjekteigar (kommunedirektør Gunn Lerøy) og prosjektansvarleg (rådgjevar for oppvekst Camilla Grøtnebø). Prosjektplanane for «Tett på» og BTI er utarbeidd av prosjektleiar (Silje Eidsgaard Langehaug).

1.2 Styrande dokument for prosjektet:

Aktuelle lovverk

- Barnevernlova
- Helse- og omsorgstenestelova
- Sosialtenestelova
- Opplæringslova
- Barnehagelova
- Pasient- og brukarrettigheitslova
- Sosialtenestelova
- Grunnlova
- Folkehelselova
- Barnekonvensjonen

Nasjonale retningslinjer, rettleiarar, forskrifter og andre føringar:

- Nasjonalfagleg retningslinje for tidleg oppdaging av utsette born og unge
- Nasjonalfagleg retningslinje for helsestasjons- og skulehelsetenesta
- Rammeplan for barnehagen
- Friheit frå vald
- Opptappingsplan mot vald og overgrep
- Nasjonalfagleg retningslinje for helsestasjons- og skulehelsetenesta
- NOU 2017:12 Svikt og svik
- Meld.st.6 2019-2020 Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO
- Opptappingsplan mot vald og overgrep
- Trøbbel i grenseflatene- samordna innsats for utsette barn og unge
- Nasjonal rettleiar for samarbeid om tenester til barn, unge og familiar

Lokale planar og styrande dokument

- Kommuneplanens samfunnsdel
- Plan for arbeidet for god psykisk helse hjå barn og unge i Lærdal 2019-2020
- Kommunal plan for inkluderande barnehage- og skulemiljø
- Vedteken prosjektplan for prosjektet «Tett på born og unge i Lærdal»
- Rammeplan for barnehagen

- Frå eldst til yngst- samanhengen barnehage- og skulemiljø
- Oppvekstplan for Lærdal kommune (under utarbeiding)
- Handlingsplan mot vald i nære relasjonar (under utarbeiding)
- Førebyggjande plan for barn og unge (under utarbeiding)
- Helse, omsorgs- og folkehelseplan for Lærdal kommune (under utarbeiding)

Prosjektet byggjer også på FNs bærekraftsmål nr. 3- god helse og livskvalitet, 4- god utdanning, 5- likestilling mellom kjønna og nr. 16- fred, rettferdigheit og velfungerande institusjonar (FNs bærekraftsmål 2023).



1.3 Effektmål

Hovudmål

- Utvikle og implementere kommunale modellar for systematisk og kunnskapsbasert identifikasjon og oppfølging av utette born, unge og deira familiar.
- BTI modellen skal forankrast i alle einingar og på alle nivå. Den skal bidra til at det vert klart kva som forventast av den enkelte, av eininga og av kommunen når ein er bekymra for eit born. Alle skal veta kven ein skal kontakta når og kvar ein finn nødvendig hjelp og verktøy.

Delmål

- Styrkje tidleg innsats og oppfølging av utsette born, unge og deira familiar i kommunen
- Styrkje den enkelte tilsette sin kompetanse om identifisering og oppfølging av utsette barn og unge
- Styrkje den enkelte tilsette sin kunnskap om samhandlingsmodellen og verktøy knytt til den
- Målgruppa skal bli følgt opp og bli tidleg koordinert
- Målgruppa skal oppleve at dei får god hjelp
- Målgruppa skal oppleve samanhengande oppfølging utan avbrot
- Innsatsen skal utviklast i tråd med allereie kjend kunnskap
- Kommunen skal ha ein samhandlingsstruktur som gir moglegheit for å møtast og hjelpe born det er knytt bekymring til.

1.4 Resultatmål

Lærdal kommune skal gjennom prosjektet BTI


1. Utarbeide ein prosjektplan som skal forankrast i kommunen sin politiske og administrative leiing.
2. Utføre ei kartlegging av kommunen sine rutinar og praksis knyta til samhandling, kompetanse og tilbod når det gjeld tidleg identifikasjon og oppfølging av utsette born.
3. Kommunen skal med bakgrunn i kartlegginga nedteikna og formalisere ein heilskapleg og tverrsektoriell modell
 - a. for å styrkje tidleg innsats og oppfølging av utsette born

- b. modellen skal utformast på 3 nivå:
 - i. Individnivå
 - ii. Einingsnivå
 - iii. Kommunalt nivå
4. Modellen skal synleggjere kva planar, verktøy, rutinar og samhandlingsarenaer i kommunen som bidreg til identifikasjon og oppfølging av utsette born på:
 - a. Individnivå
 - b. Einingsnivå
 - c. Kommunalt nivå
5. Modellen skal innehalde ein handlingsrettleiari som forklarar vegen frå bekymring til handling. Rettleiaren skal beskrive ansvarsfordeling og samhandling på tvers av tenester.
6. Modellen skal beskrive korleis kommunen jobbar med å dokumentera og evaluera arbeidet med identifikasjon, oppfølging og samhandling på ulike nivå.
 - a. Systematisk brukarmedverknad skal integrerast i modellen
7. Kommunen sin ferdige modell skal være tilgjengelig i elektronisk versjon på kommunen sine heimesider.
8. Med utgangspunkt i kartlegginga skal kommunen dokumentere resultat og forbedringer i arbeidet med systematisk identifikasjon og oppfølging av utsette barn.

1.5 Rammer og avgrensing

Prosjektet skal omfatte alle tenester i Lærdal kommune som arbeider med gravide, born, unge og/eller vaksne som er foreldre/føresette. Tilskotet frå BUFDIR går over 2 år. Deretter tek kommunen sikte på å søkje tilskot til implementering av modellen på inntil 500 000,- kr. dersom samhandlingsmodellen godkjennast av BUFDIR. Prosjektet skal etter implementeringsperioda gå meir og meir inn i ordiner drift og bli sjølvgåande i dei ulike tenestene. Modellane skal bli ei oppskrift på «slik gjer vi det i Lærdal». Då prosjektet er stort og tverrsektorielt vil det vere naudsynt at det er ein koordinator som syt for framgang i arbeidet også etter prosjektslutt, sjå [kap. 7.9.1](#). Prosjektet skal evaluerast årleg og med ny kompetansekartlegging i samarbeid med KORUS i 2026.

2.0 Prosjektorganisasjon



2.1 Mandat for styringsgruppa

Har det overordna ansvaret for avgjersler som skal takast i prosjektet

2.1.1 Viktige avgjersler for styringsgruppa

- Stafettlogg/BTI nettside
- BTI team i kommunen
- Frikjøp av relevant personell i samband med BTI modellen
- Implementering av BTI i einingane
- Kompetanseheving i einingane/kommunen
- Handlingsrettleiar, ein felles eller fleire?
- Organisering av opplæringsprogrammet «tidelg inn».

2.2 Mandat for arbeidsgruppa/pådrivargruppa

Arbeidsgruppa/pådrivargruppa sitt mandat er å hjelpe prosjektleiar med å utvikle og implementere modellen i Lærdal kommune. Ein viktig del av dette arbeidet er å tilpasse handlingsrettleiaren til Lærdal kommune og å kome med innspel frå eigen eining. Deltakarane skal også få opplæring bruka av BTI nettsida og blir «superbrukarar» for BTI i sin eining.

Kontaktpersonane er ikkje faste deltakarar i arbeidsgruppa, men viktige kontaktpunkt mellom prosjektleiar og einingar som også omfattast av prosjektet. Vaksentenester som NAV, Psykisk helseteneste og fastelegetenesta møter i stor grad vaksne som er foreldre. Det er difor viktig at desse tenestene kjenner til BTI og korleis ein går fram dersom ein er bekymra for eit born eller for ein familie. Kontaktpersonane vil få ansvar for å vere «superbrukar» for BTI i sin eining.

Arbeidsgruppa og kontaktpersonane vert, saman med tillitsvalde, sentrale i implementeringsarbeidet i einingane

2.3 Mandat for ressursgruppa

Det nyttast same ressursgruppe som i prosjektet «Tett på born og unge i Lærdal». Ressursgruppa sitt mandat er å rådgje og kome med innspel til prosjektet. Ressursgruppa skal også nyttast i arbeidet med ny oppvekstplan i Lærdal kommune.

2.4 Ansvarsfordeling i prosjektorganisasjonen

Rolle	Prosjekteigar	Prosjektansvarleg	Prosjektleiar	Styringsgruppa	Ressursgruppa	Arbeidsgruppa/ pådrivargruppa
Ansvar	Finansiering Involvere leiinga i dei ulike einingane	Ha oversikt over utviklinga til prosjektet Vere ein støttespelar for prosjektleiar Vere eit bindeledd mellom prosjekteigar og prosjektleiar	Ha oversikt over arbeidsomfang og syte for at arbeidet går framover Syte for å kvalitets-sikre prosjektet Ha oversikt over kostnader Organisere prosjektet Syte for kommunikasjon ut til alle involverte Koordinere prosjektet	Ta viktige avgjersler i prosjektet Godkjenne planar og mandat Støtte prosjektleiar Ha beslutningsmyndigheit til å prioritere kven som kan takast ut av dagleg drift i einingane med tanke på kompetanseheving osv. Syte for at prosjektet vert prioritert i dei ulike einingane Avklare korleis prosjektet skal implementerast i Lærdal kommune	Gje faglege råd til prosjektet Vere høyringsinstans når prosjektplanen skal vedtakast	Delta i utarbeiding av handlingsrettleiar Vere pådrivar for prosjektet i eigen eining Tilpasse modellen etter Lærdal kommune Utvikle ein plan for gjennomføring, opplæring og implementering av BTI i samarbeid med leiarar og tillitsvalde for helse og oppvekst.

3.0 Brukarmedverknad, kartlegging av kompetanse og eksisterande tilbod i kommunen

3.1 Strategi for brukarmedverknad og kompetansekartlegging

Strategi for brukarmedverknad på systemnivå og kartlegging av kompetanse og eksisterande tilbod i kommunen i samband med utarbeiding av ny oppvekstplan og prosjektet Betre tverrfagleg innsats (BTI).		
Aktuell eining/brukargruppe	Medverknadsmetode	Tidspunkt for gjennomføring
Utval for levekår	Orientering frå prosjektleiar- Moglegheit for å kome med innspel	16.02.23
Ungdomsrådet	Orientering frå prosjektleiar- moglegheit for å kome med innspel	08.02.23
Råd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne	Orientering frå prosjektleiar – moglegheit for å kome med innspel	25.04.23
Born i barnehagealder	Foreldre/føresette svarer i formsskjema	Innan hausten 2023
Born i barneskulen	Workshops i klassane, elevråd	27.04.2023 (ned til 6. klasse)
Elevar i ungdomsskulen	Workshops i klassane, ungdomsråd	27.04.2023
Ungdom over 15 år	Forms spørjeskjema, ungdomsråd	Innan hausten 2023
Foreldregruppe til born frå 0-18 år	Forms spørjeskjema, FAU	20.06.2023
Friviljuge lag og organisasjonar	Forms spørjeskjema	Innan hausten 2023
Tilsette som arbeider med gravide, born, unge og foreldre/føresette	Prosjektet si ressursgruppe og munnlege innspel når prosjektleiar orienterar om BTI	14.06.2023
Kompetansekartlegging	Intervju og spørjeskjema i samarbeid med KORUS	31.03.23
Barnerepresentanten	Deltakande i arbeidsgruppe og å vere høyringsinstans	31.05.23

3.2 Workshops i barne- og ungdomsskulen

Born og unge i barne- og ungdomsskulen skal få medverke igjennom workshops i skulen.

3.3 Brukarmedverknad ved hjelp av spørjeskjema

3.3.1 Bruk av spørjeskjema til ungdom frå 15 år og oppover

Føremålet med kartlegginga er å sikre brukarmedverknad og å kartlegge kva som er viktig for born og unge for å styrke oppvekstmiljøet i kommunen. Opplysningane skal brukast i utvikling av samhandlingsmodell i kommunen og i utarbeidinga av ny oppvekstplan. Det vil sikre eit viktig grunnlag for kvalitetsforbetring av tenester til born og unge i kommunen. Det er ikkje eit føremål å samle inn personsensitive opplysningar eller andre opplysningar som kan knytast til den einkilde.

Alle born og unge har rett til bli høyrd i saker som omhandlar dei (konvensjon om borns rettigheitar artikkel 12 og Noregs grunnlov § 104). Det er også tydeleggjort i barnelova § 31 og Nasjonal rettleiar

om «Samarbeid om tenester til born, unge og familiar». Brukarmedverknad er eit demokratisk viktig prinsipp.

3.3.2 Bruk av spørjeskjema til foreldre/føresette i kommunen

Føremålet med kartlegginga er å sikre brukarmedverknad og å kartlegge kva som er viktig for foreldre/føresette når det gjeld tilbodet til barn, unge og familiar i kommunen. Det vil bidra til kvalitetsforbetring og sikre utvikling av heilskaplege tenester. Det er ikkje eit føremål å samle personsensitive opplysningar eller andre opplysningar som kan koplast til den einskilde.

Retten til medverknad er blant anna lovfesta gjennom helse- og omsorgstenestelova og pasient- og brukarrettighetslova.

3.3.3 Personvern

Spørjeundersøkingane skal vere anonyme og ikkje koplast til namn eller anna personsensitiv informasjon.

3.3.4 Behandlingsgrunnlag/risikoavveging

Behandlingsgrunnlaget for spørjeundersøkinga er at undersøkinga er naudsynt for å ivareta legitime interesser, datatilsynet kallar det interesseavveging (Datatilsynet 2019). Det er nytta interesseavveging i vurderinga om kva slags opplysningar som skal samlast inn og om kven som skal inkluderas i undersøkinga. Interesseavveging brukast for å vurdere om den einskilde sitt personvern veg tyngre enn verksemda si velgrunna interesse. Me har nytta Datatilsynet (2019) si sjekklister for dette.

Undersøkinga kan gjennomførast utan at det vil føre til konsekvensar for personvernet til den einskilde. Me ser det også som viktig at ungdom ned til 15 år får moglegheit til å delta i spørjeundersøkinga for å sikre brukarmedverknad i utviklinga av dei kommunale tenestene retta mot born og unge. Spørjeundersøking er eit viktig verktøy for å nå ungdom som er gått ut av ungdomsskulen då Lærdal ikkje har vidaregåande skule i kommunen.

3.3.5 Informert samtykke

Born under 18 år kan i nokre situasjonar samtykke sjølv, dersom dei er i stand til å gje eit frivillig og informert samtykke (jamfør barnelova § 33 og datatilsynet, 2022). På bakgrunn av behandlingsgrunnlaget og føremålet med undersøkinga er det vurdert at ungdom ned til 15 år kan velje å delta i undersøkinga sjølv.

I spørjeundersøkinga vil det stå informasjon om undersøkinga slik at respondentane får den informasjonen dei treng for å kunne gje eit informert samtykke.

3.3.6 Lagring av data

Data skal berre lagrast til føremålet med undersøkingane er nådd. Deretter skal alle data slettast.

3.3.7 Brukarmedverknad på individnivå

Sjå kapittel 6.0 gjennomføring.

3.4 Kompetansekartlegging i organisasjonen

Føremålet med å kartlegge kompetanse, kompetansebehov og eksisterande tilbod i kommunen er å få ein oversikt over kva kommunen allereie har og kva det vert behov for framover. Dette er naudsynt for å forbetre kvaliteten på eksisterande tenester, men også heit essensielt i arbeidet med systematisk identifisering og oppfølging av utsette born. Kravet står også spesifisert i rundskriv 19/2020- «Regelverk for tilskot til systematisk identifikasjon og oppfølging av utsette born». Føremålet er ikkje å samle inn personsensitive opplysningar. KORUS vest skal hjelpe Lærdal kommune med gjere ei 0-punktsanalyse. Når det gjeld einingane sine allereie eksisterande rutinar,

verktøy og arena for samarbeid skal prosjektleiar kartleggje det i samarbeid med arbeidsgruppa for prosjektet. 0-punktsundersøkinga vart gjennomført i Lærdal kommune i mars 2023.

3.5 Involvere tillitsvalde og verneombod

I arbeidet med verktøyet BTI vert det viktig å involvere tillitsvalde og verneombod tidleg i prosessen. Å implementere BTI modellen vil ha konsekvensar for korleis dei tilsette jobbar, det er difor naudsynt at tillitsvalde og verneombod er involvert og kan vere eit talerøyr for sine kollegaer.

4.0 Planlagde avgjerdspunkt og prosjektoppfølgning

4.1 Prosjektplan til politisk handsaming

Politisk orientering	Dato
Lærdal ungdomsråd	08.02.23
Utval for levekår	16.02.23
Råd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne	25.04.23

Planen skal leggjast ved kommunedelplan for oppvekst som skal politisk behandlast i september 2023.

4.2 Regelmessige møter mellom prosjektansvarleg og prosjektleiar

Prosjektansvarleg og prosjektleiar skal ha faste møtepunkt annankvar veke.

4.3 Regelmessige møter i styringsgruppa

Møtepunkt styringsgruppe											
Jan.	feb.	mar.	apr.	mai	jun.	jul.	aug.	sep.	okt.	nov.	des.
		x				-ferie		x			

4.4 Regelmessige møter i arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa skal møtast regelmessig til handlingsrettleiaren i BTI modellen er ferdig utvikla og implementert.

4.5 Regelmessige møter i ressursgruppa

Møtepunkt ressursgruppe											
Jan.	feb.	mar.	apr.	mai	jun.	jul.	aug.	sep.	okt.	nov.	des.
					x	-ferie					x

4.6 Rettleiingsmøter med kompetansesentera

Lærdal kommune skal følgje alle tilbod om oppfølging frå kompetansesentera og bruke dei aktivt i å utarbeide og implementere samhandlingsmodell og BTI modell for Lærdal kommune.

4.7 BTI nettverk

Lærdal kommune skal delta på regelmessige nettverkssamlingar med RKBU, RVTS, KORUS, KS og Statsforvaltaren i lag med dei andre BTI kommunane i Sogn og Fjordane.

4.8 Statusrapportering

Det skal rapporterast på prosjektet i samsvar med tilskotsbrevet og i samsvar med «Regelverk for tilskot til systematisk identifikasjon og oppfølging av utsette born og unge». Fyrste rapportering er 6

månader frå vedtaksdato – 01.05.23. Sluttrapporteringa skal skje 2 år frå vedtaksdato- innan 01.11.24. Prosjektleiari utfører rapporteringa.

4.9 Plan for milepålar

Å dele opp prosjektet i ulike milepålar gir betre oversikt over framdrifta til prosjektet.

Milepåle	Planlagd gjennomført/gjennomført
Tildeling av tilskotsmidlar	01.11.2022
Oppstartsmøte med kompetansesentera og statsforvaltaren	11.01.2023
Møte med Eidfjord, Lund, Lærdal, KoRus og Bufdir	10.03.2023
Setje prosjektorganisasjon	15.02.2023
Signering av avtale mellom Lærdal kommune og KORUS vest, RKBV vest og RVTS vest	15.03.2023
Informere hovudtillitsvalde og hovudverneombod	10.02.2023
Kompetansekartlegging tilsette	31.03.2023
Sende ut spørjeskjema til brukargruppa	10.05.2023
Prosjektansvarleg rundt i alle einingar	14.03.2023
Informasjon til FAU	06.03.2023
Inkludere plasstillitsvalde	Innan september 2023
Informasjon om BTI til eksterne samarbeidspartar-BUP, familievernkontoret	Innan september 2023
Informasjon til innbyggjarar – Helg og kvardag	01.03.2023
Delrapportering til Bufdir	30.04.2023
Ferdigstille prosjektplan	25.03.2023
Ferdigstille samhandlingsmodell	Innan august 2023
Ferdigstille handlingsrettleiari	Innan oktober 2024
Digitalisere modellen	fortløpande
Gje informasjon om prosjektet for alle tilsette som arbeider med målgruppa	01.04.2023
Pilotering i ein eller fleire einingar	Innan oktober 2023
Opplæring alle tilsette	Våren 2024
Inngå avtale med design og kommunikasjonsbyrå ang. nettside	03.05.2023
Nettsida «Tett på» ferdig utvikla og klar til redigering	31.05.2023

5.0 Målgrupper, interessentar, kommunikasjonsstrategi

5.1 Interessentar/ målgrupper

Hovudmålgruppa:

- Alle gravide, born, unge og deira familiar i Lærdal kommune.
- Alle tilsette som arbeidar med gravide, born, unge og deira familiar i Lærdal kommune
- Alle som arbeider med vaksne som er foreldre/føresette i Lærdal kommune
- Leiariar for einingar som yter teneste til gravide, born, unge og deira familiar i Lærdal kommune
- Leiariar for einingar som yter tenester til vaksne som er foreldre/føresette i Lærdal kommune
- Kommuneleiing og politikarar
- Politi og spesialisthelsetenesta
- Idrettslag, kulturskule og frivilljuge organisasjonar

5.2 Kommunikasjonsstrategi

Kven	Kommunikasjonsmåte
Politikarar	Utval for levekår og kommunestyret
Tilsette	Inn i alle einingar fleire gonger å gje informasjon, involvere einingsleiar og tillitsvalde. Medlemmar i arbeidsgruppe og kontaktpersonar vert ressursar inn i einingane.
Samarbeidspartnarane BUP og familievernkontoret	Informasjon om prosjektet
Idrettslag og frivilljuge organisasjonar	Info til leiing, felles informasjonsmøte, inkludere relevante aktørar i ressursgruppa til prosjektet.
Brukargruppe	Helg og Kvardag, Sogn avis, nettside Lærdal kommune, informasjon i klassane, foreldremøte, FAU, Ungdomsråd, spørjeundersøking, kompetansekartlegging, eigen nettside for «Tett på».
Innbyggjarar	Helg og Kvardag, Sogn avis, nettside Lærdal kommune

6.0 Risikovurdering

6.1 Kritiske suksessfaktorar

Dei viktigaste faktorane for at prosjektmåla vert nådd er:

- **at prosjektet vert godt forankra heilt i frå politisk og administrativ leiing til tilsette og brukargruppa.**
 - BTI må forankras i kommunedelplan for helse, omsorg og folkehelse og i kommunedelplan for oppvekst.
 - Politisk og administrativ leiing er viktige for å sikre kontinuerleg arbeid med BTI i Lærdal kommune i åra framover.
 - Einingsleiarane er nøkkelpersonar for å implementere BTI i eigen eining
 - Arbeidsgruppa og kontaktpersonane er nøkkelpersonar for å implementere BTI i eigen eining.
 - Viktige for at prosjektet får eit godt omdømme i organisasjonen
 - Prosjektleiar, den einskilde tilsette, nettsida til Lærdal kommune, informasjon om prosjektet på foreldremøte og gjennom FAU er viktig for at brukargruppa skal kjenne til og bli trygge på BTI modellen. Det er og hensiktsmessig at prosjektet vert omtala i media.

- **at det utviklast gode relasjonar og lojalitet til prosjektet og prosjektgruppa sine medlemmar heilt i frå prosjektets start.**
 - Det er viktig at alle som vert råka av prosjektet i sin arbeidskvardag blir høyrde og får høve til å gje tilbakemelding og innspel i alle prosjektets fasar.
 - Tilgang til menneskelege ressursar og kompetanse
 - God dialog mellom styringsgruppe og prosjektleiar

- **at alle tilsette følar seg trygge på samhandlings- og BTI modellen og har alle relevante verkøy tilgjengeleg i arbeidet med BTI.**

- God opplæring i modellen, kva som er BTI sakar og kva som ikkje er BTI.
 - Faste etablerte arena for samarbeid
 - Auke handlings- og tiltakskompetansen til alle tilsette som arbeider med brukargruppa.
 - Gode tekniske/digitale løysningar
 - Tilgang på BTI koordinator
- **Økonomiske midlar til vidareføring av prosjektet**
- Politikarar og kommuneleiing må sjå nytten av og gå inn med eigne midlar til ein BTI koordinator etter at prosjektperioden er over.

6.2 Kritiske risikofaktorar


Dei mest kritiske faktorane for at prosjektmåla ikkje vert nådd:

- **Manglande støtte, prioritering og eigarskap til prosjektet frå**
 - kommuneleiing
 - politikarar
 - einingsleiarar
 - andre tilsette

- **At prosjektet ikkje får innpass hjå dei tilsette**
 - manglande tillit til prosjektet
 - endringstrøyttheit
 - utfordrande med kulturendring

- **At arbeid med samhandlingsmodellen ikkje vert vidareført etter at prosjektperioden er over**
 - At det ikkje vert sett av midlar til ein eigen stilling som BTI koordinator i kommunen.

7.0 Gjennomføring



7.1 Forankre prosjektet administrativt og politisk

Det vert essensielt for prosjektet at det er godt forankra både administrativt og politisk i kommunen. Prosjekteigar og styringsgruppa skal vere det styrande organet i prosjektet. På den måten vil kommunedirektør og einingsleiarane i helse og oppvekst få eigarskap til prosjektet når det skal innførast og implementerast i resten av organisasjonen. Prosjektplanen skal godkjennast av styringsgruppa.

Politikarane skal orienterast ved prosjektets start og når prosjektplanen skal vedtakast politisk. Deretter bør politikarane få årleg statusoppdatering om samhandlingsmodellen og BTI modellen i Lærdal kommune. Det er naudsynt at prosjektet vert omtala i førande dokument for Lærdal kommune, i likskap med «Tett på». Parallelt med BTI prosjektet skal det utarbeidast ny kommunedelplan for helse, omsorg og folkehelse og for oppvekst. Det skal også utarbeidast ein temaplan for det førebyggjande arbeidet retta mot barn og unge i kommunen i tillegg til ein handlingsplan mot vald i nære relasjonar.

7.1.1 Forankre prosjektet hjå dei tilsette

Det vert svært viktig å involvere tilsette i utviklinga av samhandlings- og BTI modellen. Tilsette frå einingane som skal nytte modellane vert involvert i arbeidsgruppa/pådrivargruppa og som kontaktpersonar til prosjektet. Ein del av mandatet til arbeidsgruppa/pådrivargruppa er å vere pådrivar for BTI modellen i eigen eining. [Sjå kap. 2.](#)

7.2 Kartleggje eksisterande tilbod og kompetanse i kommunen

Det skal gjerast ei kartlegging av allereie eksisterande tilbod, kompetanse og rutinar for samhandling i dei ulike einingane. Kartlegginga vert utgangspunktet for å utvikle ein samhandlings- og BTI modell som er tilpassa lokale behov. Det er eit krav frå BUFDIR (2019). Dette skal gjerast gjennom samtale med einingsleiarane, spørjeskjema til alle tilsette og ved bruk av prosjektet si ressursgruppe. Kartlegginga kan nyttast som samanlikningsgrunnlag når prosjektet skal evaluerast. KORUS skal hjelpe kommunen med kompetansekartlegging, ei såkalla 0-punktsundersøking. 0-punktsundersøkinga for Lærdal vart gjennomført i mars 2023.

7.3 Samhandlingsmodell kommunenivå

Alle føringar, kommunale planar, strategiar og oversikt over overordna samhandling når det gjeld kommunen sitt arbeid med tidleg identifisering og oppfølging av utsette born skal samlast og gjerast tilgjengeleg for alle tilsette og innbyggjarar i Lærdal kommune. Dette skal utgjere det kommunale nivå i samhandlingsmodellen.

7.4 Samhandlingsmodell einingsnivå

Alle rutinar, prosedyrar, retningsliner, tiltak og rutinar for tverrfagleg samhandling som omhandlar tidleg identifisering og oppfølging av utsette born skal samlast og gjerast tilgjengeleg for alle tilsette og innbyggjarar i Lærdal kommune.

7.5 Samhandlingsmodell individnivå

Her skal det liggje oversikt over alle lovar, føringar, ansvar og rutinar for samhandling/samarbeid som gjeld for den enkelte tilsette i arbeidet med å identifisere og følgje opp utsette born. Det skal også ligge verktøy som den enkelte tilsette kan nytte i arbeidet, som til dømes BTI handlingsretteleiar og stafettlogg.

Det skal vere enkelt for alle innbyggjarar og tilsette i Lærdal og finne fram til kva ein skal gjere og kor ein kan ta kontakt dersom ein er bekymra for eit born. På BTI nettsida skal det vere egne fanar for vaksne, for tilsette og for born,- med tilpassa informasjon. I tillegg er det føremålstenleg å utarbeide ei oversikt over kva tilbod, aktivitetar og hjelpeinstansar som er tilgjengeleg for brukargruppa i Lærdal kommune. Dette er også i tråd med tiltaksplanen til «Tett på born og unge i Lærdal».

7.5.1. Tverrfagleg BTI team/drøftingsteam

Det bør takast opp i ressursgruppa og styringsgruppa for prosjektet om det er behov for at det opprettast eit tverrfagleg BTI team i kommunen som kan nyttast av skule, barnehage, helsestasjonen og andre kommunale instansar. Målet med eit slik team er å sikre tidleg og rett hjelp til barn og familiar som treng det.

7.6 Digitalisere samhandlingsmodellen

Samhandlingsmodellen skal digitaliserast og vere tilgjengeleg for alle tilsette og innbyggjarar i Lærdal kommune. Dette sikrar oversikt over kommunen sine tenester og pliktar for tilsette og innbyggjarane elles. På denne måten vert det tydeleg dersom kommunen manglar eit tilbod eller det er naudsynt å endre allereie eksisterande tenester. Samhandlingsmodellen skal organiserast slik at det er enkelt for politikarar, leiarar og den einskilde tilsette å bruke modellen aktivt i utforming av tenester og i det daglege arbeidet. Lærdal kommune har inngått avtale med Gnizt design og driftsavtale med Aptum i høve ei eigen nettside. Sjå vedlegg.

7.7 Brukarmedverknad

Sikre brukarmedverknad på systemnivå

Det skal leggjast til rette for brukarmedverknad i utviklinga av samhandlingsmodellen frå gravide, born, unge og foreldre gjennom FAU, elevråd, barnerepresentanten. Sjå [kapittel 3.0](#). Dette er viktig for å sikre at tenestene til born og unge rår behovet i kommunen.

Sikre brukarmedverknad på individnivå

Brukarmedverknad er heit essensielt i all oppfølging av barnet og familien, anten det er ein eller fleire tenester som skal samarbeide. Retten til å medverke i eigen sak er lovfesta gjennom barnekonvensjonen artikkel 12, Grunnlova §104 og barnelova § 31. Barneombodet har fleire rapportar frå barneombodets ekspertutval der born og unge sjølv delar erfaringar frå eigen sak. Rapporten «Å eie sin egen historie» bør, i saman med lovverk og føringar ligge til grunn for all oppfølging av born og unge i Lærdal kommune og er spesielt relevant for BTI arbeidet og samarbeid mellom tenester (Barneombodet 2021). Viktige stikkord for brukarmedverknad er: koordinator der det er fleire tenester som jobbar saman, ikkje prate over hovudet til barnet/ungdomen, tydeleggjere kven som gjer kva og å ha eit system for deling av informasjon. I Lærdal kommune bør det utarbeidast ei sjekkliste for å sikre brukarmedverknad som skal liggje lett tilgjengeleg som verktøy i BTI handlingsretteleiar. Sjekklista bør utarbeidast på bakgrunn av lovverk og rapporten frå

Barneombodet (2021). Barn og foreldre/føresette sin rett til medverknad er sentral i BTI modellen og skal vere i fokus under all opplæring i forbindelsen med å nytte modellen.

7.8 Stafettlogg

Det er styringsgruppa som skal vurdere om Lærdal kommune skal ta i bruk stafettlogg i arbeidet med BTI. Stafettlogg har mange fordelar for dei tilsette og for brukarane:

- Sikrar at det ikkje vert brot i hjelpetilbodet frå kommunen
- Samordnar kommunen sitt tilbod
- Bidreg til å ansvarleggjere kven som skal følgje opp kva
- Sikrar innsikt og brukarmedverknad i eigen sak
- Stafettloggen følgjer brukaren uavhengig av kven som er inne i saka
- Sikrar koordinering av tenestene ved at det utpeikast stafetthaldar

7.9 Implementering av BTI modellen i Lærdal kommune

Implementering av BTI modellen er å ansjå som eit langsiktig endringsarbeid i Lærdal kommune. Det er særst viktig at ein planlegg for vidare drift etter at prosjektmidlane er oppbrukte.

7.9.1 Koordinator for BTI og det førebyggjande arbeidet i kommunen

For å sikre at arbeidet med samhandlingsmodellen og handlingsrettleiaren vert systematisk, kunnskapsbasert og koordinert er det naudsynt at det vert tilsett ein BTI koordinator etter at BTI prosjektet er slutt. Stillinga bør organiserast på tvers av alle einingar som jobbar med born og unge slik at BTI koordinatoren har oversikt over og kjennskap til alle som nyttar BTI. Stillinga bør også sjåast i samanheng med behovet for koordinator for det førebyggjande arbeidet elles i kommunen relatert til «Tett på», SLT og førebyggjande plan. Det vert òg viktig at BTI koordinatoren har tett samarbeid med kommunens leiing og aktuelle einingsleiarar. Oppgåver for ein BTI koordinator bør vere:

- Planlegge og gjennomføre regelmessige fagdagar i einingane og i kommunen
- Hjelp med rettleiing i korleis ein skal nytte BTI
- Opplæring av alle nyttilsette
- Syte for at nettside og samhandlingsmodell er oppdatert
- Syte for at handlingsrettleiar er oppdatert
- Samordne, koordinere, drive og systematisere det førebyggjande arbeidet retta mot born og unge i kommunen.

Det bør vere same koordinator for «Tett på», SLT og BTI då desse prosjekta går hand i hand.

7.9.2 Nøkkelpersonar i implementeringsarbeidet

Prosjektleiar, styringsgruppe, arbeidsgruppe og kontaktpersonar i prosjektet er nøkkelpersonar og «superbrukarar» i BTI arbeidet. Aktuelle nøkkelpersonar bør raskt erstattast dersom dei sluttar i jobben sin. BTI koordinator og einingsleiarar må syte for å gje relevant opplæring til nye «superbrukarar».

7.9.3 Opplæring av alle tilsette

Det vert viktig at alle tilsette får god opplæring og rettleiing i korleis og når ein skal nytte samhandlingsmodellen og BTI modellen. I helsestasjonen, barnehagane og i skulen vil det vere naturleg at representantar frå arbeidsgruppa/pådrivargruppa tek del i opplæringa og er ressurspersonar for BTI i eigen eining. I einingane som arbeider med vaksne vil prosjektleiar drive opplæring i saman med kontaktpersonane for einingane. Det vert viktig at alle einingsleiarar,

pådrivargruppa, kontaktpersonar og prosjektleiar held trykket oppe på arbeidsplassen og tek BTI opp med jamne mellomrom på til dømes personalmøte, fagdagar osv.

7.9.4 Pilotere

Det må takast stilling til om BTI skal innførast i alle einingar samtidig eller om ein skal prøve ut modellen i ein eining fyrst, til dømes i skulen.

7.9.5 Styrkje og vedlikehalde kvar enkelt tilsett sin handlingskompetanse

Kartlegginga som er gjennomført av kva kompetanse, samhandling og tilbod som finnast i kommunen når det gjeld tidleg identifikasjon og oppfølging av utsette born vil vere grunnlaget for kva kompetansehevingstiltak som vert iverksett. I samhøve med prosjektplanen for «Tett på born og unge i Lærdal» bør «Tidleg inn» programmet implementerast i kommunen då BTI og tidleg innsats heng saman. Tidleg inn er også nemnd som eit viktig førebyggjande tiltak i Justis- og beredskapsdepartementet (2021). Prosjektleiar har 20.03.23 kontakta KORUS i høve «Tidleg inn og planlagt oppstart av opplæringsprogrammet frå hausten 2024. Dette er lyfta til BTI prosjektet si styringsgruppe. Til å skreddarsy kva andre kompetansehevingstiltak som bør settast i verk vil det vere naturleg med eit samarbeid med KORUS, RKBU og RVTS kring dette. Naturlege tema for kompetanseheving er:

- teikn og symptom på vald og seksuelle overgrep
- samarbeid og teieplikta
- korleis snakke med born
- korleis snakke med foreldre
- kva er viktig i tverrfagleg samarbeid
- bekymringsverdig seksuell åtferd hjå born og unge
- migrasjonshelse
- meldeplikt og opplysningsplikta
- born som pårørande
- psykisk sjukdom og foreldrerolla

7.9.6 Ruste opp kommunen si verktøykasse med systematiske førebyggjande tiltak

BTI og prosjektet «Tett på» går hand i hand. Det er difor naudsynt å følgje opp tiltak frå prosjektplanen til «Tett på» når det gjeld å etablere samarbeidsstruktur og tilgjengelege verktøy på lågast mogleg nivå. Dette er til dømes verktøy som etablerte og systematiske foreldrerettleiingsprogram. Det vert viktig å vurdere om foreldrerettleiinga skal organiserast tverrfagleg slik dei til dømes har gjort i Luster kommune, der barnehagetilsette har rettleiingsgrupper i helsestasjonen.

7.9.7 Årlege fagdagar

Det bør leggjast til rette for årlege fagdagar i einingane eller på tvers av einingane for å styrkje og vedlikehalde dei tilsette sin handlingskompetanse. Det bør vere BTI koordinatoren i lag med einingsleiarane som syt for at desse fagdagane vert gjennomførde. Tema for fagdagane kan vere:

- Case og diskusjon kring BTI modellen
- Praktiske øvingar

Nytte opplæringsverktøy:

- Jegvet.no
- Snakkemedbarn.no
- Trygg til handling av RVTS


7.9.8 Opplæring av nyttilsette

Alle einingar bør ha rutinar for at nyttilsette får opplæring i BTI modellen. Einingsleiar bør ha ansvar for dette i lag med BTI koordinator. Det vert viktig at alle som arbeider med gravide, born, unge og foreldre/føresette i Lærdal kommune er trygge på korleis ein skal nytte BTI og at det er standaren for «korleis vi gjer det i Lærdal» når vi skal følge opp i frå «bekymring til handling».

7.9.9 Evaluere og justere

Det skal leggjast til rette for at tilsette og brukarar kan gje tilbakemelding på modellen slik at den vert mest mogleg brukarvenleg for alle involverte. På den måten kan ein sikre at BTI vert eit godt verktøy i einingane og for innbyggjarar i kommunen. Det kan til dømes gjerast ved ein «tilbakemeldingsknapp» på BTI nettsida eller gjennom årlege spørjeskjema. Det er også naudsynt å gjennomføre ny kompetansekartlegging i samarbeid med KORUS når prosjektet skal evaluerast i 2027.

8.0 Framdriftsplan



9.0 Økonomi

Tilskotet på 1 000 000,- skal nyttast til frikjøp av nøkkelpersonell og til innkjøp av nødvendig utstyr. Prosjektleiar er lønna av desse midlane. Etter tilskotsmidlane er brukt opp må Lærdal kommune sjølv syte for vidare drift. Det bør, som nemnd i kapittel 7.9.1 tilsettast BTI koordinator i minst 20% stilling. Stillinga bør kombinerast med ein koordinatorfunksjon for «Tett på» og SLT. Dei førebyggjande tiltaka i «Tett på», BTI og SLT går på tvers av einingar. Det er difor naudsynt med ein koordinator til å drive tiltaka vidare i organisasjonen.

Stilling	Kostnader
<p>BTI, SLT og «Tett på» koordinator i minst 50% stilling</p> <p>Minimum 4 års høgskuleutdanning og erfaring frå kommunal sektor og arbeid med barn, unge og familiar</p> <p>Grunnløn 600 000,-/år i full stilling.</p>	<p>380 070 kr/år. inkl. sosiale utgifter</p>

10.0 Kontraktar og avtalar

Kontrakt mellom Lærdal kommune og kompetansesentera, [sjå vedlegg 1.](#)

Kontrakt mellom Gnizt design og Lærdal kommune, [sjå vedlegg II.](#)

Kontrakt mellom Aptum og Lærdal kommune, [sjå vedlegg III.](#)

11.0 Litteraturliste

- Barnelova – bl. 1981. *Lov om barn og foreldre*. (LOV-1981-04-08-7). Lovdata.
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-04-08-7?q=barneloven>
- Barnehageloven – bhl. 2005. *Lov om barnehager*. (LOV-2005-06-17-64). Lovdata.
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64?q=barnehageloven>
- Barneombudet. (2021). *Å eie sin egen historie*. Barneombudet. <https://www.barneombudet.no/vart-arbeid/publikasjoner/a-eie-sin-egen-historie>
- Barnevernloven – bvl. 1992. *Lov om barneverntjenester*. (LOV-1992-07-17-100). Lovdata.
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100?q=barnevernlova>
- Bufdir. (2023, 10. mars). *Tilskudd til systematisk identifikasjon og oppfølging av utsatte barn*.
<https://www.bufdir.no/tilskudd/identifikasjon-og-oppfolging-av-utsatte-barn/>
- Bufdir. (2021a, 01. november). *Barnevernsreformen- en oppvekstreform*.
<https://ny.bufdir.no/barnevernsreformen/>
- Bufdir. (2020). *Regelverk for tilskudd til systematisk identifikasjon og oppfølging av utsatte barn*.
https://www.helsedirektoratet.no/tilskudd/systematisk-identifikasjon-og-oppfolging-av-utsatte-barn/regelverk-tilskudd-utsatte-barn-2020.pdf/_attachment/inline/8be7a915-27c5-4dbc-9cac-5809790b0322:d58228eab57d8832b4fbd1e2770483caff7d55de/regelverk-tilskudd-utsatte-barn-2020.pdf
- Datatilsynet. (2022, 25. april.) *Samtykke fra mindreårige*. <https://www.datatilsynet.no/personvern-pa-ulike-omrader/skole-barn-unge/samtykkje-fra-mindrearige/>
- Datatilsynet. (2019, 08. august.) *Nødvendig for å ivareta legitime interesser – interesseavveining*.
<https://www.datatilsynet.no/rettigheter-og-plikter/virksomhetenes-plikter/behandlingsgrunnlag/veileder-om-behandlingsgrunnlag/nodvendig-for-a-ivareta-legitime-interesser--interesseavveining/>
- Fløtten, Jensen og Hansen (2020). *Trøbbel i grenseflatene*. Fafo. <https://www.fafo.no/zoo-publikasjoner/fafo-rapporter/trobbel-i-grenseflatene>
- FN. (1989). FNs konvensjon om barnets rettigheter av 20. november 1989. FN.
- FN. (2023, 19. januar). *FNs bærekraftsmål*. <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal>
- Folkehelseinstituttet. (2023, 01. mars). *Hent folkehelseprofil eller oppvekstprofil for kommuner, bydeler og fylke*. <https://www.fhi.no/hn/folkehelse/folkehelseprofil/>
- Folkehelseinstituttet. (2021, 01. november). *Hent folkehelseprofil eller oppvekstprofil for kommuner, bydeler og fylke*. <https://www.fhi.no/fp/oppvekst/hent-oppvekstprofil/>
- Folkehelseloven – fhl. 2011. *Lov om folkehelsearbeid*. (LOV-2011-06-24-29). Lovdata.
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29?q=folkehelse>
- Grunnlova – Grl. (1814). *Kongeriket Noregs grunnlov*. (LOV-1814-05-17). Lovdata.
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17-nn?q=grunnloven>
- Helsedirektoratet. (2023, 10. mars). *Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier*.
<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/samarbeid-om-tjenester-til-barn-unge-og-deres-familier>

- Helsedirektoratet (2022) *Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier*. Helsedirektoratet. <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/samarbeid-om-tjenester-til-barn-unge-og-deres-familier>
- Helsedirektoratet. (2019). *Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge*. Helsedirektoratet. <https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/tidlig-oppdagelse-av-utsatte-barn-og-unge>
- Helsedirektoratet. (2017). *Nasjonalfaglig retningslinje for helsestasjons- og skolehelsetjenesten*. Helsedirektoratet. <https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/helsestasjons-og-skolehelsetjenesten>
- Helse- og omsorgstjenesteloven – hol. 2011. *Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m.* (LOV-2011-06-24-30). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30?q=helse%20og%20omsorg>
- Justis- og beredskapsdepartementet (2021-2024) *Frihet fra vold*. Justis- og beredskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/2dda3b36640d4dfbbbac11598a1dc792/209755-1d-frihetfravold-web.pdf>
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Udir. <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplanfor-barnehage>
- Lærdal kommune. (2022). *Tett på born og unge i Lærdal*. Lærdal kommune.
- Lærdal kommune. (2018). *Frå eldst til yngst*. Lærdal kommune.
- Lærdal kommune. (2019). *Plan for arbeidet for god psykisk helse hjå barn og unge i Lærdal kommune 2019-2020*. Lærdal kommune
- Lærdal kommune. (2018). *Kommunal plan for inkluderande barnehage- og skulemiljø 2018- 2020*. Lærdal kommune.
- NOU 2017: 12. (2017). *Svikt og svik*. Barne- og familiedepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/a44ef6e251cd443396588483e97402ab/no/pdfs/nou201720170012000dddpdfs.pdf>
- Opplæringslova – oppl. 1998. *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa*. (LOV-1998-07-17-61). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61?q=oppl%C3%A6>
- Pasient- og brukerrettighetsloven – pbrl. 1999. *Lov om pasient- og brukerrettigheter*. (LOV-1999-07-02-63). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-63?q=pasient%20og%20bruker>
- Prop. 12 S (2017-2021). *Opptrappingsplan mot vold og overgrep*. Det kongelige barne- og likestillingsdepartement. <https://www.regjeringen.no/contentassets/f53d8d6717d84613b9f0fc87deab516f/no/pdfs/prp201620170012000dddpdfs.pdf>
- Sosialtjenesteloven – sotjl. 2009. *Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen*. (LOV-2009-12-18-131). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-12-18-131?q=sosial>
- Velferdsforskningsinstituttet NOVA. (2021, 01. november). *Resultat frå ungdataundersøkinga i Lærdal kommune 2021*. <https://www.ungdata.no/rapporter>

Vedlegg

Vedlegg I

Samarbeidsavtale for perioden 2023-2027 mellom Lærdal kommune og Kompetansesenter rus Bergen (KORUS), Regionalt kunnskapssenter for barn og unge (RKBU vest) og Ressurscenter om vald, traumatiske stress og sjølvmoordsførebygging (RVTS vest) som gjeld 'Systematisk identifisering og oppfølging av utsette barn ' (Betre tverrfagleg innsats, BTI)

Samarbeidsavtalen følgjer av den nasjonale satsinga på BTI/BTS i regi av
Helsedirektoratet/Barne,- ungdoms- og familiedirektoratet.

Betre tverrfagleg innsats (BTI) er ein samhandlingsmodell som rettar seg mot barn/unge og familieane deira som ein er bekymra for. Gjennom samhandlingsmodellen vil ein sikre tidleg og samanhengande innsats, og å hindre oppfølgingsbrot.

Betre tverrfagleg innsats skal bidra til at dei tenestene i kommunen som er involverte skal kunne utvikle og styrkje formelle strukturar, rutinar og arenaer for tverrfagleg samhandling. For å kunne oppnå dette er det viktig å sørge for forankring av BTI-arbeidet på alle nivå i den kommunale organisasjonen; i leiinga, i aktuelle tenester, i tenesteskildringar og i skildringar av samarbeidsarenaer for å forsterke samarbeidet og samhandlinga mellom tenestene.

Med i dette samarbeidet er også Statsforvaltaren i Vestland.

Denne avtalen byggjer vidare på samarbeidet Lærdal kommune og kompetansesentra har innleia frå januar 2023. Avtalen blir evaluert årleg.

Lærdal kommune forpliktar seg i samarbeidsperioden til å:

- Ha prosjektleiar/koordinator for BTI-arbeidet
- Utarbeide årshjul for aktivitet og tiltak knytt BTI
- Forankre BTI-arbeidet på alle nivå, og i aktuelle tenester.
- Gjennomføre oppfølgingsundersøking i 2027. Denne vil vere ein etterkartlegging den kvalitative undersøkinga som vart gjort i 2022/2023.
 - Delta på felles regionsamlingar om BTI.
- Delta på nettverkssamlingar/retteleiing i regi av kompetansesentra.
- Å ha ein plan for korleis involvere brukarar (barn, unge, foreldre) i utviklinga av tenestene, samt skildra korleis brukarar skal medverke i tiltak retta mot dei sjølvve. ● Oppfylle la•iteria for å oppnå mål, rekneskap og rapportering jf. rundskriv 19/2022 frå Barne,- ungdoms- og familiedirektoratet.

KoRus Bergen leier BTI-arbeidet i regionen, og forpliktar seg i samarbeid med RKBU og RVTS i avtaleperioden til å:

- Drifte BTI nettverket i Vestland fylke.
- Rettleie prosjektkoordinator, prosjektgruppe og styringsgruppe med implementering av BTI i Lærdal kommune
- Hjelpe kommunen med å gjennomføre ei oppfølgingsundersøking i 2027 ● Støtte opp under kommunen med kompetanseheving.
- Bidra til at kommunen styrkjer sin kunnskap om tidleg innsats, og bruker kunnskapsbaserte metodar og verkty blant tilsette som kjem i kontakt med risikoutsette barn, ungdom, unge vaksne og deira foreldre/familiar. ● Vere bindeledd til direktoratsnivået.

Lærdal
kommune
Kommunedirektør
Gunn LerøyKØRUS
BergenLeiar
Solveig Storbækken

Dato: 04.23



Senterleiar
Espen Rutle JohanssonNORCE
KBU VEST

R Leder
Ann Heidi Nebb

KBU VEST

Vedlegg II

Kontrakt mellom Lærdal kommune og Gnizt Strategisk Design AS

Oppdrag: Digitalisering av handlingsveileder (BTI)

Digitalisering av BTI handlingsveileder

03.03.23

Løsningens omfang

99 000

1. Tilpasset design til kommunens profil
2. Handlingsveiledere for f.eks. skole barnehage og helsestasjon
3. Infoside om BTI "din kommune"
4. Universelt søk
5. Tiltaksoversikt
6. Tjenesteoversikt
7. Ressurser
8. Samhandlingsmodell
9. 17 digitale verktøy og veiledningsmaler
10. 3 timer opplæring (kan deles opp i to bolker)

Om løsningen

1. Løsninger leveres med ferdig utfylt handlingsveileder for skole, barnehage og helsestasjon på bokmål.
2. Kommunen kan gjøre endringer eller tillegg i tekst, verktøy, linker, bilder og videoer.
3. Alle moduler/menyer og menyer kan deaktiveres ved behov.
4. Vi tilpasser designet kommunen visuelle identitet innenfor eksisterende mal. Vi tar utgangspunkt i fargepalett og kjennemerker som sendes til oss fra oppdragsgiver.
5. Løsningen har et responsivt design og derfor vil layoutet variere hnesiktmessig ved visning på ulike enheter.
6. Løsningen er desgin iht retningslinjer for universell utforming.

7. Tilgjengelighetserklæring anses som et tillegg, da scorene vil avhenge av innhold fra kommunen.

Årlig driftsavtale fra Aptum 15 000

1. Server-leie
2. Daglig backup
3. Sikkerhetsoppdatering
4. Teknisk support

Se vedlagte driftsavtale fra Aptum.

Tilvalg med pris på forespørsel

1. Regionsløsning
 2. Prosess og rådgivning
 3. Tilgjengelighetsknapp (WCAG 2.1)
 4. Materiell for implementeringsfase på bokmål eller nynorsk
 - PowerPoint
 - Digital plakat til infoskjermer
 - Brosjyre
 - Plakater for trykk
 - Fotopakke
-

Fremdriftsplan

GSD: Gnizt Strategisk Design AS (Rådgivning, design og kreativ ledelse)

A: Aptum AS (Prosjektledelse, teknisk utvikling, opplæring og drift)

LK: Lærdal kommune (Oppdragsgiver)

Onsdag 3.mai: Levering av designlink til kunde	GSD
Torsdag 4. mai: kunde Godkjenner design og innhold i henhold til kontrakt	LK
Fredag 5: Gnizt sender XD fil til Rolf	GSD
Innen av uke 19? Utviklingslink fra Rolf til godkjenning	A
Uke 21: Godkjenning av prosjekt	LK
Opplæring: juni. Tidspunkt fra Rolf	A
Publisering: Tidspunkt fra Lærdal	LK

Betalings- og leveringsbetingelser

1. Alle priser er oppgitt eks. mva.
2. Fremdriftsplan i samråd med prosjektleder hos Lærdal kommune.
3. Utviklingskostnader pålydende 99 000,- eks mva delfaktureres av GSD 1/2 ved oppstart og ved 1/2 ved godkjent levering.
4. Ved godkjenning faktureres siste del med 3 timer opplæring og publisering i restordre. Tidspunkt etter avtale med prosjektleder hos Lærdal kommune.
5. Årlig driftskostnader pålydende 15 000,- eks mva faktureres av vår samarbeidspartner Aptum.
6. Ved eventuelle avvik som forsinker eller fordyrer vil GSD informere om dette.
7. Lærdal kommune har korrekturansvar for alt innhold.
8. Endringer og tillegg til denne avtalen skal skje skriftlig.

Eiendomsrett

I følge [opphavsrettsloven](#) beholder GSD eiendomsretten til alle originaler, digitale, såvel som tegnede og annet produksjonsmaterieil. Eierskapet kan kjøpes ut mot avtalt kompensasjon. Beløpet kan ikke overstige 50% av opprinnelig beløp.

Vedlegg III



Aptum AS - BTI Lærdal Kommune - Dato: 20.04.2023

Tel 38 10 30 50 - Gyldenløves gt. 4 - Org.nr. 916 496 680 mva



Drifts og serviceavtale

BTI Lærdal Kommune

Til: Lærdal Kommune



Innhold

Driftsavtale

Priser

Avtalevilkår driftsavtale Aptum AS

Generelt

Beskrivelse av tjenesten

Kundens forpliktelse Betalingsbetingelser

Avtalens varighet

Serviceavtale (SLA)

Rettigheter

Rapportering av feil

Timepris

Oppetid

Force Majeure

Signatur

Aptum AS - **BTI Lærdal Kommune** - Dato: 20.04.2023



Aptum AS - BTI Lærdal Kommune - Dato: 20.04.2023

Tel 38 10 30 50 - Gyldenløves gt. 4 - Org.nr. 916 496 680 mva

Driftsavtale

Priser

Tjeneste	Årlig pris
<p>Driftsavtale nettside</p> <p>Drift, support og serverleie inkl. GDPR samtykkeløsning.</p> <ul style="list-style-type: none">• GDPR samtykkeløsning• Automatisk oppdatert Cookiedeklarasjon• Optimalisert infrastruktur• Daglig backup• E-post support• Regulerte oppdateringer• Inntil 15.000 sidevisninger pr. mnd.	NOK 15 000.00

Alle priser er eks mva.

Avtalevilkår driftsavtale Aptum AS

Generelt

Denne avtalen omfatter kunder med publiseringsverktøy, nettsider og domener hos Aptum AS. Betingelsene anses akseptert i sin helhet ved å ta i bruk tjenestene evt. svare bekreftende pr. mail.

Kunden kan ikke overdra sine rettigheter og forpliktelser i h.h.t. denne avtalen til tredjepart uten skriftlig samtykke fra Aptum AS. Aptum AS kan, ut fra en økonomisk, teknisk og ressursmessig vurdering, overdra til tredjepart alle rettigheter og plikter i avtalen, dersom denne kan levere en tjeneste like god som den Aptum AS leverer.

Beskrivelse av tjenesten

Drift av eget domenenavn under fritt valgt toppdomene, (eks. .no) samt lagringsplass til hjemmeside.

Webplassen er tilgjengelig på internett og lagres hos Google Cloud på serverparker i Norden.

Ved bruk av lisensbaserte plug-ins på nettstedet forplikter Aptum AS seg til at disse installeres og driftes i henhold til løsningens versjon. Ved behov for oppdatering av lisensbaserte plug-ins, gjøres dette etter avtale med kunde og faktureres på medgått tid til gjeldende timesats.

Aptum AS forholder seg til gjeldende krav og lover knyttet til sikkerhet og personvern for nettstedet, herunder krav om SSL (sikkerhetsertifisering) og GDPR (personvern) som leveres av tredjepartsleverandører.

Aptum AS forplikter seg til å vedlikeholde og videreutvikle løsningen, samt sørge for sikker drift av tjenesten.

Tjenesten skal være tilgjengelig hele døgnet med unntak av varslede servicevinduer for vedlikehold.

Aptum AS har, ved nødsituasjoner, rett til å gjennomføre tiltak som begrenser bruk av tjenestene, dersom det påkrevs, uten å medføre erstatningsplikt for mulige tap hos kunden. Erstatningsplikt er ellers begrenset oppad til hva kunden betaler for tjenesten og utløses kun ved grove forsømmelser fra leverandørens side.

Aptum AS utfører backup av kundens filer og database en gang i døgnet. Den daglige backupen lagres i 7 dager. Om kunden ønsker å få gjenopprettet sine data fra backup kan kunden belastes for medgått tid med gjeldende timesats.

Denne avtalen omfatter gratis kundestøtte pr e-post: support@aptum.no på virkedager mellom klokken 09.00 og 15.00. Gratis kundestøtte er begrenset til hjelp for å få tjenesten til å fungere. Endring på eksisterende nettsted, hjelp til innhold og formatering faktureres som tjeneste etter gjeldende timesats.



Kundens forpliktelse

Kunden er selv ansvarlig for å legge inn, samt å oppdatere informasjon på nettstedet. Kunden er også ansvarlig for at innholdet ikke strider mot norsk lov eller tredjemanns rettigheter. Aptum AS vil kunne avvise innhold som er krenkende, støtende eller strider mot norsk lov, og tjenesten kan stenges uten foregående varsel som følge av slike brudd.

Betalingsbetingelser

Driftsavtalen faktureres årlig og første faktura sendes den måned nettstedet blir satt opp i vårt driftsmiljø / på vår server, eller ved inngåelse av avtale. Fakturaen forfaller til betaling 14 dager etter fakturadato, med mindre annet er avtalt. Purregebyr og forsinkelsesrenter i h.h.t. lovens satser påløper ved forsinket betaling. Aptum AS har rett til å stenge tjenesten dersom betalingsfrister ikke holdes. Gjenåpning etter stenging faktureres med et åpningsgebyr tilsvarende to ganger gjeldende timesats på det aktuelle tidspunktet. Aptum AS er med dette gitt tillatelse til, med logo og/eller tekst, å lenke til aptum.no fra kundens nettsted, dersom ikke annet er avtalt. Aptum AS forbeholdes retten til å endre priser ved annen betalingsfrekvens. Pris for denne driftsavtale kan indeksjusteres uten varsel. Faktura for tredjepartskrav, som GDPR og SSL m.m, faktureres i egne fakturaer. Ved spesialutviklet funksjonalitet/integrasjoner på nettstedet kan det påløpe egne kostnader. Alle priser er oppgitt eks. MVA.

Avtalens varighet

Avtalen gjelder for ett kalenderår fra den første dato i den måneden avtalen ble inngått. Avtalen fornyes så automatisk for et nytt kalenderår på løpende basis.

Aptum AS - BTI Lærdal Kommune - Dato: 20.04.2023

Tel 38 10 30 50 - Gyldenløves gt. 4 - Org.nr. 916 496 680 mva



Aptum AS - BTI Lærdal Kommune - Dato: 20.04.2023

Tel 38 10 30 50 - Gyldenløves gt. 4 - Org.nr. 916 496 680 mva

Serviceavtale (SLA)

SLA-avtalen definerer servicenivå/responstid på tjenesten og leveransen som kan forventes mellom Kunde og Aptum AS. Avtalen sikrer partene samme oppfatning av hvilket servicenivå som kan forventes. Om ikke annet er avtalt er Standard SLA standard for Kunden.

Rettigheter

Kunden har rettigheter til visuelt design og informasjon som ligger lagret i hjemmesidene. Kunden har videre rettigheter til domene. Disse rettigheter følger kunden selv om avtalen opphører, uansett grunn. Wordpress er open source og således overførbart.

Rapportering av feil

Driftsfeil rapporteres på e-post support@aptum.no med beskrivelse av problemet.

Tidsrom	Standard SLA
Hverdag 09:00 - 15:00	4 timer
Kveldstid 15:00 - 22:00	Ikke inkludert
Helligdag/helg/natt	Ikke inkludert

Timepris

Henvendelser som ikke skyldes driftsproblemer ved tjenesten og leveransen vil faktureres etter avtalt timepris eller følgende:

Tidsrom	Timepris/minstepris
Hverdag 08:00 - 16:00	1 250,-
Kveldstid 16:00 - 22:00	2 000,-
Helligdag/helg/natt	2 500,-

Pris er eks. mva og per time. Retting av driftsproblemer i driftsløsningene til Aptum faktureres ikke

Aptum AS - BTI Lærdal Kommune - Dato: 20.04.2023

Tel 38 10 30 50 - Gyldenløves gt. 4 - Org.nr. 916 496 680 mva

Oppetid

Oppetid beregnes over en periode på 30 dager (1 kalendermåned). Ekskludert er planlagt og varslet nedetid

Oppetid	Standard SLA
---------	--------------



Aptum AS - BTI Lærdal Kommune - Dato: 20.04.2023

Tel 38 10 30 50 - Gyldenløves gt. 4 - Org.nr. 916 496 680 mva

Oppetidsgaranti	99% (7 timer nedetid)
-----------------	-----------------------

Force Majeure

Oppetid og responstid garanteres med forbehold Force Majeure. Force Majeure er forhold utenfor Partenes kontroll som gjør det umulig eller urimelig vanskelig/kostbart for partene å oppfylle sine forpliktelser. Etter alminnelig kontraktsrett vil Leverandøren bli fritatt for leveringsplikt i den forstand at man ikke vil være erstatningsansvarlig for manglende levering i slike tilfeller. Eksempler på Force Majeure er ytre påvirkninger av driftssystem som for eksempel et større strømbrudd som ligger utenfor Leverandøren sin mulighet å kontrollere. Alle typer naturkatastrofer ligger også inn under Force Majeure.

Signatur

Avtalen godkjennes og aksepteres.



Aptum AS - BTI Lærdal Kommune - Dato: 20.04.2023

Tel 38 10 30 50 - Gyldenløves gt. 4 - Org.nr. 916 496 680 mva



Aptum AS - BTI Lærdal Kommune - Dato: 20.04.2023

Tel 38 10 30 50 - Gyldenløves gt. 4 - Org.nr. 916 496 680 mva